



Therese Haugland Bondhus er tilsett som dagleg leiar på Byggern Teigen, Husnes.

Therese Haugland Bondhus frå Uskedalen er tilsett som dagleg leiar frå Byggern Teigen på Husnes. Therese er 37 år, bur i Kleivadalen, og har si utdanning med bachelor innan økonomi og revisjon. Etter tilsetjing i revisjonsfirma har ho hatt arbeidet sitt hos Teigen i 9 år med ansvar for personal og økonomi. Therese overtek leiaransvaret etter Even Teigen.

Byggern Teigen har 25 tilsette innan bygg, trelast- og byggevarer. Therese kjenner firma og personalgruppa godt. Firma er kjend for det gode arbeidsmiljøet, noko ho vil halda fram med å ha fokus på. I tillegg vil ho bruka tid på vekst og utvikling og gjerne finna nye retningar i arbeidet vidare.

Alt kring juletider var det drøftingar på gang om leiarskifte i Byggern Teigen. Therese Haugland Bondhus er takksam for tilbodet ho fekk og vil gjera alt ho kan for å skapa engasjement og inkludering i personalet.

BYGGER'N

TEIGEN

[Byggern Teigen er ei tradisjonsrik verksemd på Husnes med 25 tilsette.](#)

Firma har ikkje merka mykje til redusert drift i desse koronatider. Drifta går stort sett som før. Nokre byggevarekjeder har nemleg registrert dei siste vekene, at mange av kundane er meir heime og har tid til oppussing og endringar i heimen.

I Uskedalen kjenner vi Therese frå frivillig arbeid, mellom anna frå pyntegruppa i Festidalen. Ei tid var ho leiar i idrettslaget si turngruppe. Ikkje minst var ho medlem i Aktivitetshusets Damevener og la ned eit stort arbeid med Aktivitetsdagen i båthamna.

Therese er den andre kvinna frå Uskedalen med leiaransvar innnan bygg og trelasthandel. Uskedalen.no har før skriva om Kristine Heimvik (f. Myklebust), leiar på Lio Sag & Treforedling, avdeling Husnes.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat/ logo Byggern